

-----Opprinnelig melding-----

Fra: postmottak@kud.dep.no [mailto:postmottak@kud.dep.no]

Sendt: 1. juli 2013 22:29

Til: Postmottak KUD

Emne: Innspill til Kulturløftet saksnr. 13/646

Navn: InterKommunalt Kultursamarbeid IKKUS

Organisasjon: Fjell, Sund, Øygarden og Askøy kommune

Epost: lennart.fjell@fjell.kommune.no

Postadresse: Fjell kommune

Fjell rådhus

5342 Straume

Innspill: Høyringsuttale NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014 InterKommunalt Kultursamarbeid (IKKUS), består av kultursektoren i kommunane Fjell, Sund, Øygarden og Askøy. IKKUS gjev med dette eit samla innspel til NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014. Innspelet kan og reknast som eit innspel til Kulturløftet 3, basert på rapporten Kulturutredningen til Enger-utvalet.

Framlegg til vedtak:

1. IKKUS ser at utgreiingsarbeidet som er gjort på kulturfeltet, og som er lagt fram i NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014 er eit godt fundert arbeid.

Utgreiingsarbeidet gjev eit godt blick inn i korleis kulturfeltet ser ut i dag, og kvar vegen går vidare.

2. IKKUS vil særskilt tilrå eit lokalt kulturløft for å gjenreise den kulturelle grunnmuren, og at statleg kulturpolitikk legg vekt på kunstnarisk innhald og kvalitet i større grad enn i Kulturløftet 1 og 2.

3. IKKUS ser at det bør forekome eit større fokus på sameining og samkøyring, både innad i lokalt/regionalt kulturfelt, men og med andre samfunnsområde.

4. IKKUS har merka seg debatten kring sterke kulturelle sentra i Noreg, men ser ikkje at det har kome konklusjonar knytt til dette i utredninga. Her der det potensiale i å sjå kva nytteverdi sterke kultursentra vil ha for mindre regionar og kommunar rundt desse, kontra ein sterk region rundt hovudsstadsområdet.

Grunnlag for uttale

- den lokale grunnmuren i norsk kulturliv

InterKommunalt Kultursamarbeid (IKKUS), består av kultursektoren i kommunane Fjell, Sund, Øygarden og Askøy. Samla sett utgjer befolkningstalet for regionen om lag 60.000 menneske, og grunna nærleik til Bergen by vil dette talet auke mykje i nær framtid. Regionen har ein stor andel unge, men samstundes er andelen eldre venta å auke mykje dei neste åra. Dette vil føre med seg stort press på kommuneøkonomi knytt til helse- og omsorgstiltak. Å stimulere/auke rammevilkåra til kulturfeltet i kommunar med stor tilflytting er difor viktig for å kunne imøtekomme og leggje til rette for mangfald i aktivitet, trivsel og god folkehelse.

Fleire kommunar i våre region har utfordringar knytt til økonomi, og dermed kutt på tenester. Når mindre kommuneadministrasjonar vert bede om å kutte i kulturbudsjetta, er det først dei tenestene og tilboda som ikkje er lovpålagde som det blir kutta i. Om noko skulle blitt gjort med dette, må Kulturlova styrkast, og dei lovpålagde oppgåve ein meiner bør vere det, må konkretiserast meir enn i dag. Særskilt må fokus på folkehelse reknast inn her som eit tema som krev ein større grad av å vere pålagd enn i dag. Dette er poengtert i Kulturutredninga til Enger-utvalet (2013).

I Kulturutredninga er det tydeleg poengtert at det i Kulturløftet 1 og 2, ikkje har vore nok fokus på følgjande tema særskilt: Kulturskule, bibliotek og frivillig sektor. Dette heng saman med det som står ovanfor, og skal ein ha ein overordna langsiktig satsing på kultur, er det nett denne grunnmuren av kultur og idrett som krev stabile og berekraftige tilhøve for ivaretaking og utvikling.

Sameining og koordinering:

Det er og eit behov å koordinere satsingar, som t.d. folkehelseprosjektet, med andre tenesteområder. Det må og koordinerast på regionalt nivå i større grad. For mange kommunar har same mål, nyttar ulike framgangsmåte, men arbeider parallelt, og ikkje sameina.

IKKUS står sjølv for ei slik koordinering og samkøying av satsingar som på kort tid kan vise til gode ringverknader og auka kompetansebruk.

Bibliotek og Kulturskule:

Biblioteka og Kulturskulen i vår region har stått fram som dei mest nytta og vitja kommunale kulturtenestene. Dei vil soleis og ha ei sær viktig samfunnsrolle i åra som kjem i ein region i sterk vekst. Innafor IKKUS er desse tenestene no sterkt sameinte og effektive institusjonar. Dette er noko som skapar rom for vidareutvikling og innovasjon. Ei større satsing sentralt på å byggje desse institusjonane sterkare opp, gjerne i samarbeid med andre tenesteområde, som skule og barnehage, vil på kort tid vise resultat. Stimuleringsmidlane som ein sentralt har delt ut dei seinare år har truleg vist dette.

IKKUS støttar utredninga (kap 15.3.1) med at det knyttast ein forskrift til opplæringslova § 13-6 for å sikra ein utvikling og utbygging av kulturskulene.

I kap. 12.31 peikar utvalet på at det er avgjerande at kulturskulen ikkje blir ein erstatning for dei estetiske faga i skulen. Det står og skrive at det er viktig å utvikle kulturskulen som sjølvstendig kulturinstitusjon. Utvalet peikar i kap. 12.18 på at det forventast at kulturskulen skal vere eit ressurscenter for det lokale kulturlivet. IKKUS mener at kulturskulen må vidareutviklast gjennom skulen sin kjerneverksemd. Ved ein tydeleg profil og eigenart vil rolla som lokalt ressurscenter utviklast best.

I utredninga peikar utvalet på at aukning i elevkontingent i kulturskulen kan vere ekskluderande. I høved til regjeringens sitt uttalte mål i kulturløftet 1- kulturskule for alle som ønsker det med en rimelig egenbetaling - støttar vi utvalet sitt forslag i 12.18 om at det gjeninnførast ein maksimumspris for kulturskulen som ikkje skal overstige 2000 kroner pr. år

I utredninga i kap. 15.4 – styrk fritidsdeltagelsen i kunst- og kulturlivet - signaliserar det frivillige kulturlivet ved Norges Musikkorps Forbund, Norsk korforbund og Norsk musikkråd eit behov for ein nasjonal dirigentlønnsordning. Utvalget meiner det er interessant og adresserer dette som et kjernebehov i frivillig kunst og kulturliv.

IKKUS støttar dette positive forslaget - lokale kor og korps treng auka og sikre rammevilkår.

**Kunstfeltet:**

Behovet for tilrettelagte produksjonslokaler/visningslokaler for kunstnere er og stort og påtrengande.

Dagens ordninger for statlig støtte til denne typen kulturbygg er og for dårlig. Det siktast då til midler forvalta av Kulturrådet, Musikkutstyrsordninga og fylkeskommunane (desentralisert ordning). Desse ordningane bør styrkast vesentleg. Kunstfeltet er ofte det feltet det er vanskelgast å leggje til rette for, og som ofte er det første av oppgåver som ikkje er lovpålagde som blir kutta på kommunebudsjetta.

**Ungdomsarbeid/-klubbar:**

Vår region er prega av sterk befolkingsvekst grunna nærleiken til Bergen by. Dette gjer at fokus på ungdomssatsingar er, og må fortsetje å vere, sterk. Utfordringar knytt til koordinering og lite ressursar tydar på ei teneste som har mangel på prioritering i samfunnet. Utfordringar knytt til besøkstal og kvalitet tyder på at ein i framtida må sjå korleis og kva rolle Den nye ungdomsklubben skal vere. Dette krev satsingar frå sentral hald, samt sterkare grad av lovpålegging i høve større utbyggingar.

For ein region med ung befolkning og med kommunar som alle har tiltak rettet mot barn og unge som sitt satsingsområde, er det viktig å understreka kor naudsynt det er med ei vidareføring av dei etablerte statlege tilskota som blir gitt gjennom Frifond, Musikkverkstedsordningen og Musikkutstyrsordningen. Midla som blir tildelt opne fritidstilbod som blant anna kulturhus for ungdom, dei tradisjonelle fritidsklubbane og ungdomskafeer, anser vi som avgjerande for vekst på dette feltet. Særskilt viktig vil ein satsing på dei opne fritidstiltaka som kulturhus for ungdom, fritidsklubbar og ein større satsing på arenaer for rytmisk musikk vere. Dette vil kunne betre kommunane sine moglegheiter til å ta vare på dei viktige lærings- og rekrutteringsarenaene i kulturlivet og støtte den tradisjonelle faste kulturverksemda.

**Idrett:**

Idretten har dei siste tiåra styrka sin posisjon i regionen, særskilt gjennom bygging av idrettsanlegg og hallar. Fleire av hallane og anlegga er bygd knytt til skuleanlegg, og dette er prosjekt som bør styrkast i framtida. Fokus på drifting, ivaretaking og eigarskap vil vere viktig for å kunna taka vare på desse anlegga i framtida.

**Folkehelse:**

Samtlege kommunar har til dags dato eigne folkehelsekoordinatorar i ymse prosentvise stillingar. Fleire kommunar har utfordringar knytt til å få forankra folkehelsearbeidet og omgrepet i kommunen. Heile regionen har større satsingar på

fysisk folkehelse og då særskilt tur- og friluftsliv. Fokus på idrett og fysisk aktivitet er i stor grad satsingsområde i heile regionen. Men kultur og kunst i regionen er ein stor aktivitør når det gjeld psykisk helse, og dette på eit anna plan enn når ein talar om fysisk aktivitet. Folkehelseomgrepet er på mange måtar framleis knytt særskilt til fysisk aktivitet. Dei fleste fagfelte innanfor kultur kan bidra til å fremje folkehelsa og slik vere viktige verkemiddel i samhandlingsreforma. Folkehelse inneber i større grad enn tidlegare og eit fokus på eigenaktivitet, samt uorganisert aktivitet, og er soleis med på å viske ut sosial ulikskap. Dette har regionen anerkjent og nytta i si langsiktige tenking knytt til tur- og friluftslivssatninga. Alle kommunane i regionen er tett knytt opp mot Vestlandsprosjektet (Gjensidigestiftelsen og Innovasjon Norge er viktige bidragsytarar til Vestlandsprosjektet. Prosjektet er eit samarbeid mellom Friluftsråda, Forum for natur og friluftsliv, Jeger og Fiskeforbundet, Den Norske Turistforeining, NCE Tourism – Fjord Norge og fylkeskommunane i dei fire Vestlandsfylka). Liknande prosjektsatsingar på fleire område innafor folkehelse bør vurderast leggjast opp til i Kulturløftet 3.

#### Friluftsliv:

Region Vest er ein kystregionen, med stolte tradisjonar knytt til bruk av sjø og strandlinje. For mange innbyggjarar i regionen har god nok bruk av strandlinje og sjø. Allemannsretten må styrkast, og det må fleire stimuleringsmidlar til knytt til tilrettelegging av område, samt tilgang knytt til strandlinja. Nye og populære måtar å nytta sjøen på, som t.d. gjennom bruk av kajakk, coasteering og fridykking, skapar ein arena for friluftsliv som er særst attraktiv og enkelt tilgjengeleg om det er lagt til rette for det. Informasjon knytt til Allemannsretten, samt sikring av offentlege friluftsområde må difor styrkast i framtida.

#### By og land – hand i hand:

Vår region har god kontakt til den kanskje viktigaste kulturbyen i Noreg, Bergen. Bergen kommune har særst viktige kulturinstitusjonar som region treng for å kunne styrkast i periferien. Døme på dette er Den nationale scene, Nattjazz, Bergen internasjonale musikkfestival, Grieghallen, m.m. Vår region har merka seg at kulturby Bergen strekkjer seg i aukande grad utover mot den nære periferien. Det er vanskeleg å tolka om fordelingsnøkkelen til dei større kulturinstitusjonane er rett fordelt i Noreg. Ein debatt som er prega av ”kven og korleis ein tolkar tala”, gjev lite meining for ein befolkning som treng å få nytta tilboda slike institusjonar kan byda på. Satsing på kulturinstitusjonar kan ikkje liggje berre i hovudstadsnære område om ein ønskjer å gjere større regionar meir attraktive som buområde i framtida. Enkeltinstitusjonar, som t.d. innafor dans, musikk og teater, kan ikkje i sin vekst bli bygd ned gjennom å opprette liknande statsstøtta institusjonar knytt til hovudstadsnære område.

#### Det utvida kulturomgrepet:

Det utvida kulturomgrepet har vore uforandra og utfordra i stor grad sidan 1970-talet.

I større og større grad har idretten teke lærdom av kunst- og kulturfeltet sin profesjonalitet, og vi ser i dag at det kan vere store forskjellar i finansielle tildelingar lokalt i høve idrett, kunst og kultur. IKKUS sporar at det er på tida å sjå på omgrepet ein gong til. Det er ingen sin intensjon at idrett skal ha ein mindre del av potten, eller skal bli skadelidande for sin profesjonalitet. Men ein prosentvis lik fordeling blant idrett og kultur er vanskeleg om ein skal

samanlikne. For etter kva kvalitetar skal ein samanlikne etter? Er det profesjonalitet, folkehelse eller danning ein er ute etter i eit kulturomgrep i kommuneadministrasjonane? Profesjonalitet og kommersialisme er stikkord for eit samfunn som i dag er prega av dette heller enn kulturkamp og demokratisering som på 1970-talet. Spørsmålet er om ein bør jakte nye kulturomrøp, og samstundes eit nytt idrettsleg omgrep for å kunne omgrepsleggjere kultur og idrett kvar for seg?! Skal eit kulturløft 3 ha noko å seie for den framtidige grunnmuren i den norske befolkninga må dei mest stabile, berekraftige og innovative kulturstrukturane styrkast gjennom lov og midlar. Skal ein kunna yta rettferdig fordeling av tid, ressursar og kvalitet knytt til kultur og idrett er det kanskje på tide å skilje desse slik at dei ikkje druknar i sine budskap, organisering og finansieringsfokus. Idrettsprosjektet er på plass og har høga sin plass som samfunnsaktør, men kanskje på bekostning av kunst og kultur elles?! Eit teikn på at det er på tide med ein slik debatt er mandatet til Enger-utvalet: På idrettsfeltet og medieområdet pågår det egne utredningsarbeider, delvis i meldingsform. Det skal ikkje foretas en fullstendig gjennomgang av disse områdene, men temaer som representerer klare grenseflater mellom kulturlivet og idretts- og medieområdet skal identifiseres og sees nærmere på.

Stabile og berekraftig kulturtilbod = bulyst og folkehelse i alle kommunar Tilbod innanfor kultur og idrett er viktig i lokalsamfunnsutviklinga og for å bli buande i distrikta. Kultur har også verdi for næringslivet og tilreisande som vil oppleve ein levande kystkultur og lære litt om vår kulturarv, særpreg og evne til nyskaping. Utan at barn og unge får veksa opp med kulturtilbod som gjev mening og meistring, vil vi få fattige og problemfylte samfunn. Vi får heller ikkje utvikla talent og nye kunstnarar/kulturarbeidarar om ikkje det vert satsa på kulturskulane og biblioteka.

Det frivillige organisasjonslivet:

Kultur og idrettsorganisasjonar har i det siste tiåret gått mot ein profesjonalisering av struktur. Dette har ført til eit større gap mellom mindre og større lag og organisasjonar enn tidlegare. Fokus på dugnad har vore stort, ofte med fokus på at det frivillige organisasjonslivet er stort, men under press og på veg nedover. Frå statleg hald må det kome føringar på korleis ein kan taka vare på alle nivå av idrett og kultur innfor ein kommune, slik at det kan vere eit visst mangfald. I dag er det gjerne slik at større godt organiserte lag eller organisasjonar, kjem seg føre mindre lag og organisasjonar raskare. Det er med andre ord tale om ein klasseforskjell mellom profesjonalitet og amatørisme, som kan føre med seg mindre mangfald i framtida. Grunnmuren i kulturlivet er bygd opp av like tilhøve for å overleve, og lovpålagde tenester som t.d. kunstråd, idrettsråd etc kan vere ein nøkkel for å sikre alle sine vilkår.

Ei auka grad av profesjonalitet aukar og graden av press mot dei frivillige som yter dugnad. Korleis det enkelte lag og organisasjon legg opp til eit utviklingsløp kan med andre ord vere vanskeleg å oppfylle for den massen med frivillige dugnadsarbeidare dette presset vil kvile på. I regionar der lag og organisasjonar gjerne kan vere små vil dette ikkje vere langsiktig tenking eller berekraftig. Å tenkje tilrettelegging for det frivillige og ivaretakinga av det bør kome frå både sentralt og fylkeskommunalt hald.

Kulturminnevern:

Region Vest er eit særskilt pressområde når det gjeld utbygging, og dette skapar utfordringar for å kunne taka vare på bygg som vert rekna å ha kulturminneverdiar. Her bør utfordringane knytast opp mot sterkare føringar for vern gjennom bruk i Plan- og bygningslova.

Arkitektur/Forskjønning/Kunstnarleg utforming og liknande:

Det er eit skrikande behov for fokus på arkitektur og kunstnarleg utforming av bygg, miljø og liknande. I denne regionen. Ein arkitekturpolitisk strategi må i sterkare grad inn i Plan-og bygningslova.

Kultur og næring:

I dei siste 15 åra har det på mange måtar manifestert seg ein prosjekthierarki, der sær mange søknader om diverse tilskot innanfor kultursektoren har blitt støtta, utan å sjå nærare på effekt, ringverknader og gevinst. Ein bør frå sentral og fylkeskommunalt hald sjå nærare på tidlegare satsingar og tiltaksprosjekt for å kunne peike på det som har vist seg nyttig og verdfullt i større samanhengar og i mindre lokale samanhengar.

Det bør og vere eit større fokus på å koordinere og samkøyre satsingar innanfor same type genre.